



Medlemmer av SU/SMU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2783 - 17/6802

Saksbehandlar:

Magne Lædre

magne.laendre@meland.kommune.no

04.04.2017

## Referat SMU/SU møte tysdag 28. mars 2017

**Møte i skulemiljøutvalet 28.03.2017 kl. 18.00-19.00 på personalrommet.**

Til stades: Alle medlemmane av skulemiljøutvalet

Referent: Magne Lædre

### **06/17 Godkjenning av innkalling, sakliste og referat**

Ingen merknader

### **07/17 Omvisning i nybygget**

Rektor tok skulemiljøutvalet med på ei omvisning i nybygget og gjekk gjennom dei ulike romma. Utbygginga er framleis i tråd med framdriftsplanen.

### **08/17 Informasjon om skulen sitt arbeid med enkeltvedtak etter §9a.**

Tala i skuleporten viser at det er fleire elevar på 7. trinn som opplever seg mobba.

Skulen har eit større datagrunnlag enn kva som blir presentert der og gjekk gjennom resultatata frå dei andre klassane og rektor informerte om korleis det har blitt jobba i dei klassane elevar har svara at dei blir mobba.

### **09/17 Gjennomgang av Elevundersøkinga.**

Rektor presenterte resultatata frå heile mellomtrinnet frå Elevundersøkinga. Positive resultat. Skulen ligg for det meste på eller over landsgjennomsnittat på dei fleste indikatorane.

### **10/17 Informasjon om status på elevtoalett**

Tilbakemelding frå Anny Bastesen, sektorsjef teknisk er at oppussing av 5 toalett på Sagstad skule blir finansiert av den statlege tilskotspakken. Saka skal opp i formannskapet onsdag 29. mars.

### **11/17 Trafikkopplæring 7. trinn – utfordringar knytt til skuleveg – tilbakemelding frå elevråd**

Tilbakemelding frå elevrådet er at dei ikkje har lyst til å gå skulepatrolje. Saka sendast tilbake til FAU for vidare drøfting. Forslag om at FAU har ei meir tydeleg bestilling med ein for for «belønning» etter gjennomført arbeid.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### **12/17 Eventuelt.**

Ingen saker på eventuelt

### **Møte i Samarbeidsutvalet 28.03.2017 kl. 19.00- 20.00 personalrommet.**

Til stades: Alle medlemmene i samarbeidsutvalet

Referent: Magne Lædre

### **07/17 Godkjenning av innkalling, saksliste og referat**

Ingen merknader

### **08/17 Orientering frå rektor**

- ◆ Utbygging – i rute i høve til framdriftsplanen.
- ◆ Uteområde – det foregår forhandlingar med grunneigarar i høve til kjøp av areal.

### **09/17 Kommunikasjon skule heim – kva og korleis. Drøfting**

FAU ønskjer fokus på kommunikasjon og opplever store skilnader ut frå kva for lærar ein har.

I hovudsak tenkjer FAU på desse punkta:

1. Føresette ønskjer å vite når kontaktlærar er vekke frå skulen. Fleire elevar treng denne tryggleiken.
2. Føresette ønskjer eit minimumskrav for kommunikasjon med heimen. Kva skal kommuniserast? Det er ønskjeleg med ein standard for korleis informasjon skal formidlast.
3. Føresette ønskjer at skuleleiinga skal være meir synleg.

I mange tilfelle handlar det om det generelle bilete av kor tilgjengeleg lærarane er for heimen. Det bør definerast kva som er god kommunikasjon. Dette opplevast ulikt. Samtidig må det og klargjerast korleis og når føresette tar kontakt med lærarane. Dette er og svært ulikt.

Representantane for Utdanningsforbundet tar denne saka til drøfting i klubbe, FAU drøfter vidare i høve til føresette si rolle.

Saka tas opp igjen på neste møte.

### **10/17 Skidag – vidare drøfting etter innspel frå FAU og elevråd**

FAU foreslår at skidag ligg til 7. trinn eller at det gjennomførast skidag utan alpint.

Elevrådet er ueinig og ønskjer skidag med alpint.

Rektor tek med innspela og det vil komme ei avklaring i god tid før neste vintersesong.

### **11/17 Eventuelt**

Ingen saker på eventuelt.

Med helsing

Magne Lædre  
rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*